

## Livskraftige bygder

Målet til Miljøpartiet Dei Grøne er eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse. Økonomien skal vera underordna sunne økologiske prinsipp og fremja fred og rettferd både lokalt og globalt.

Livskraftige lokalsamfunn er ein føresetnad for å nå målet, og har difor ein sentral plass i programmet vi går til val på i Kvinnherad. Vi er svært glade for at Hordaland fylkeskommune i sist veke vedtok å oppretthalda den kombinerte gods- og bussruta frå Rosendal til Matre og Åkra. Det mest overraskande med den politiske handsaminga i fylket, var at Venstre som einaste parti, gjekk imot å oppretthalda denne svært viktige godsruta for innbyggjarane i Matre og Åkra. Miljøpartiet Dei Grøne ønskjer å styrkja kollektivtilbodet i Kvinnherad, og i motsetnad til Venstre er det for oss ein sjølvstøtt ting at også dei små bygdene skal ha eit best mogleg rutetilbod.

Tenk nytt, stem grønt ved haustens val!

Knut Førland,  
Listekandidat  
Miljøpartiet Dei Grøne